



KVALROSSEN FREYA PÅ VILLE VEGAR

Om sommaren er det eit yrande badeliv langs kysten av Noreg. Mange er turistar som kjem langvegsfrå og har brukt lang tid på reisa – med bil, buss, tog, fly eller båt. Det hender faktisk at nokon sym 5000 kilometer for å besøkje kysten i sør.

I sommar dukka det nemleg opp ein svært sjeldan badegjest. Det var ei stor kvalross-hoe som hadde sumt heile vegen frå Svalbard. Ho har sumt rundt i fleire norske byar og sola seg på bryggjer og i gummibåtar. Folk strøynde til for å sjå og ta biletet, og ho verka ikkje redd. Men kjem du for nær ein kvalross, kan han reise seg opp, kvese sint og klaske sveivene i bakken. «Sveiver» er namnet på dei fire flate armane og beina kvalrossen har.

Kvalrossen har fått namnet Freya. Ho har vore på rundreise i Nord-Europa. Biologar har sett henne i Tromsø, på Shetland, i Nederland, Tyskland, Danmark og Sverige, og så kom turen til Noreg. Ho har vore fleire stader her, slik som Sarpsborg, Oslo, Kragerø og Risør. Forskarene trur ho liker seg der ho finn mykje stillehavssøsters å ete. Ho kan ete heile 6000 muslingar på ein tur. Når Freya leitar etter skjel, står ho nesten loddrett i vatnet og bruker skjegget på snuten sin til å finne maten. Er det sand på skjela, kan ho fylle munnen med vatn og sende ein kraftig vasstråle og spyle skjela reine.



- Kvalrossen har vore freda i 70 år.
- Ein hannkvalross syng under vatn når han vil få seg ein kjærast.
- Kvalrossen et for det meste skjel, men kan òg ta sel og fisk.
- Kvalrossen kan halde pusten under vatn i 25 minutt.
- Kvalrossen bruker støyttennene sine til å trekke seg opp av vatnet med. Det latinske namnet til kvalrossen kan omsetjast til «tann-gåande sjøhest».
- Støyttennene til ein hann kan bli opptil ein meter lange og vege over 5 kilo.
- Ein kvalrosshann kan bli 3,5 meter lang og vege rundt 1500 kilo. Hoene blir om lag 2,5 meter lange og veg om lag 900 kilo.





Oppgåver til – «Kvalrossen Freya på ville vegar»

- Kva handlar teksten du nettopp las om? 5.–7. trinn
- Forklar kva overskrifta «Kvalross på ville vegar» betyr.
- Forklar kva ei sveiv er.
- Kva er favorittretten til Freya?
- Kva gjer kvalrossen med sandete skjel?
- Kor burde Freya eigentleg opphalde seg?
- Korleis brukar kvalrossen støyttennene sine til å bevege seg?
- Kva år vart kvalrossar freda?
- Kor mykje trur du Freya veg?
- Finn eit kart over Europa og sjekk reiseruta til kvalrossen Freya.
- Veldig mange forskrarar er glade for at kvalrossen Freya et stillehavssøsters. Kva trur du er grunnen til at forskarane likar dette?
- Freya bur eigentleg ved Svalbard. Finn tre forskjellar og tre likskapar mellom sjøen på Svalbard og i Kragerø.
- Finn ei vekt. Mål opp like mykje vatn som ei støyttann veg.

[Se video av Freya og Wally](#)






UTSJÄNAD

MAT

EG ER EIN



BUSTAD

FORMEIRING